



Hjelmås VVS AS
Leknesvegen 183
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2869 - 17/30215

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
20.10.2017

Ferdigattest for avlaupsanlegg - gbnr 244/33 Eidsnes indre

Tiltakshavar: Erik Eknes
Ansvarleg søkjar: Hjelmås VVS AS
Søknadstype

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 16.09.2015. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 13.07.2017, supplert 18.10.2017.

Skildring

Adresse:	Eidsnesvegen 167
Tiltak:	Privat avlaupsanlegg Utslepp av gråvatn til sjø utan reinsing.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for avlaupsanlegg på gbnr 244/33.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2869

Vi gjer dykk merksam på at ferdigattesten kun gjeld avlaupsanlegget. Vi er kjent med at det også er søkt om og gitt påkoblingsløyve til offentleg vatn samt at det er etablert ein fleire hundre meter lang vassleidning i sjø som ikkje er godkjent etter plan- og bygningslova, jf. vedlagte kart datert 20.11.2015 for gbnr 244/11 (sak 14/4759) og 244/33 (sak 15/2869). Ein søknad frå dykk om godkjenning av vassleidninga i sjø for gbnr 244/11 og gbnr 244/33, vert å ta som ein eigen sak.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Erik Eknes
Hjelmås Vvs AS

Grunnane 42 5251
Leknesvegen 183 5915

SØREIDGREND
HJELMÅS

Mottakarar:

Hjelmås VVS AS

Leknesvegen 183 5915

HJELMÅS